

Bergen Taxi  
v/direktør Jan Valeur

Dato: 05.04.2016  
Vår ref.: 2015/6943-9  
Saksbehandlar: annvedv  
Dykkar ref.:

## Køyreplan for reservebilane april - september 2016

Samferdselsavdelinga viser til køyreplan for reserveløyva knytt til Bergen Taxi for perioden 04.04.16 t.o.m. 25.09.2016.

Samferdselsavdelinga har vurdert køyretidene og godkjenner desse slik dei går fram av køyreplanen. Eventuelle endringar av køyretidene etter at nemnde periode er ute, skal godkjennast av løyvestyresmakta.

Det vil verta gjennomført stikkprøvekontroll for å sjå til at reserveløyva berre køyrer når dei skal.

Når det gjeld merknaden om ekstrakøyring ut over dei tider som er fastsett t.d. ved dårleg ver og at køyreplanen kan verta endra i perioden, kan løyvestyresmakta ikkje godkjenna dette. Med dei erfaringar ein har med brot på køyretidene, vil ei opning for endringar undervegs vera lite tenleg og godkjenninga av køyretidene vert meiningslaus. Det vil heller ikkje vera mogleg å kontrollera at reserveløyva berre køyrer når dei skal. Køyretidene for reserveløyva knytt til Bergen Taxi skal gjelda uendra i perioden.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Anne Vedvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*